

MOVA Osterøytreaen

Osterøy Stadion
mandag 5. mai 2025



18.15 Barneløp	600m	18.40 Heat 1	3000m
19.05 Heat 2	3000m	19.30 Heat 3	3000m



Osterøy IL friidrettsgruppa inviterer løparar, gladtrimmarar, mosjonistar, supermosjonistar, fotballspelarar, handballspelarar, skiløparar, turnarar, skuleelevar, bedriftstrimmarar – kort sagt **ALLE** til å testa seg på den klassiske 3000 meter. Dette er eit **LÅGTERSKELTILBOD** for alle uansett nivå.

Det blir sjølvsagt også **BARNELØP**. Distansen er 600m. Treninga for dei yngste startar som vanleg 17.30, og så blir barneløpet avslutning for dei som har lyst til å vera med. Premie til alle deltakarane! Påmelding i klubbhuset. Treningssenteret MOVA Osterøy er tittelsponsor og stiller med premiar både til barneløp og uttrekkspremiar på 3000m. Dei står elles for oppvarming, har med infostand og skapar generell god stemning!

MOVA på plass med oppvarming før start!

Dette er eit LÅGTERSKELTILBOD for alle uansett nivå.

Kvart heat er nivå delt med rundt 15-20 deltakarar. Det er difor viktig å oppgje tida du ønskjer å springa på i påmeldinga. Då får du springa med dei som er jamgode. Arrangøren set opp 2-4 fartshaldarar i kvart heat som kan hjelpa deg med å halda jamn fart og nå målet ditt.

Startkontingenten er 50 kroner, både for 3000m og barneløp. Påmeldingsfristen 3000m er søndag 4. mai. Påmelding til barneløpet er før start. Endeleg tidsskjema og heatoppsett blir offentleggjort tidleg på løpsdagen, men me byrjar med barneløpet klokka 18.15. Det beste 3000m-heatet går til slutt.

Det blir sjølvsagt kiosk, mykje heing og god stemning under arrangementet. Spørsmål om løpet kan du senda til bjartevik30@hotmail.com eller telefon 45602908. Følg arrangementet på Facebook for fleire nyheiter fram mot 5. mai. **PÅMELDING:** Fyll ut google-skjemaet: <https://forms.gle/m1kfc1V7y1pdvdU47>

MOVA OSTERØYTREAREN er måndag 5. mai 2025 på Osterøy Stadion klokka 18-20.

Vipps Osterøy friidrett 121337

